



Saksmappenr: 2023/1042-11
Arkiv: A00
Sakshandsamar: Vidar Homme

Saksframlegg

Valle kommune

Saksnummer	Utval	Møtedato
106/24	Kommunestyret	25.09.2024

Høyring: Utgreiing av inntaksmodellar for vidaregåande skular i Agder

Kommunedirektøren tilrår:

Kommunestyret syner til saksutgreiinga og gjev det som høyringsuttale til
Utgreiing av inntaksmodellar for vidaregåande skuler i Agder.

Handsaming i Kommunestyret av sak 106/2024 den 25.09.2024:

Handsaming:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Kommunestyret syner til saksutgreiinga og gjev det som høyringsuttale til
Utgreiing av inntaksmodellar for vidaregåande skuler i Agder.

Saksutgreiing:

Samandrag/ konklusjon

Kommunedirektør tilrår kommunestyret å stø Agder fylkeskommune sitt mål om å oppretthalde dagens desentraliserte skulestruktur. Føretrekt inntaksmodell er modell 2 noverande modell – nærskuleprinsippet.

Føretrekt inntaksmodell er modell 2 – noverande modell, nærskuleprinsippet.

Grunnlaget for dette er ønske om at fleirtalet av alle Vg1-elevar skal kunne bu heime på Vg1, og at det ikkje skal vere naudsynt å flytte for å gå på Vg1. Fleire elevar frå regionen vår – primært elevar frå øvre Setesdal - må flytte heimanfrå når dei startar på vidaregåande skule. Mange av desse ungdomane har likevel familie eller moglegheit for husvære i nærleiken av ein vidaregåande skule. Ved at elevane får nærskulepoeng ved alle skulane, kan ein sikre at



flest mogleg får gå på ein skule der dei allereie har eit nettverk og sannsyn for gjennomføring aukar. Dette er ei særordning som gjeld ungdom frå Bykle og Valle kommunar som det er viktig at vert vidareført.

Modell 2 sikrar i stor grad elevane si moglegheit til å gå på ein skule anten nær eigen bustad, eller i nærleiken av familie/nettverk.

Samtidig inneber Modell 2 at dersom ungdom søker eit tilbod som ikkje finst på nærskulen i eigen region, så konkurrerer ungdommen med nærskulepoeng på alle skular i Agder som har det aktuelle utdanningsprogrammet. Setesdal Regionråd ønskjer at elevar frå regionen vår framleis skal ha same moglegheit for inntak ved vidaregåande skule i Kristiansand til dei linjetilboda som ikkje er ved Byremo vidaregåande skule og Setesdal vidaregåande avdeling Hornnes.

Bakgrunn for saka

Agder fylkeskommune har sendt ut høyring om utgreiing av inntaksmodellar til vidaregåande skular i Agder. Fylkeskommunen ønskjer i denne høyringa tilbakemelding på føretrekt inntaksmodell og eventuelle perspektiv eller konsekvensar som ikkje er skildra i utgreiinga. Høyringsfristen er 3. oktober 2024. Vedlagt følgjer høyringsdokument for utgreiing av inntaksmodellar for vidaregåande skular i Agder, vedlegg 1.

Parallelt med denne høyringa, ligg det også ute høyring om 4-årig tilbodsstruktur for vidaregåande skular i Agder 2025-2026 – 2027-2028.

Bakgrunnen for høyringa er vedtak frå Fylkestinget 12. desember 2023, der det blei bestilt ei politisk sak som ser på ulike inntaksmodellar for inntak til Vg1 i Agder fylkeskommune.

Inntaksmodellen er § 3 i den lokale inntaks- og formidlingsforskrifta. Sidan justering av inntaksmodellen i den lokale inntaks- og formidlingsforskrifta kan påverke ungdoms moglegheiter, har fylkeskommunen sendt dette ut på høyring. I høyringa blir tre ulike inntaksmodellar presenterte:

Modell 1: Fritt skuleval – poengbasert inntak

Modell 2: Noverande modell – nærskuleprinsippet med modell 2B:

Nærskuleprinsipp med vidare søk på utdanningsprogram i Kristiansand

Modell 3: Fritt skuleval med 3 inntakssoner

Fylkeskommunen ønskjer i høyringa tilbakemelding på føretrekt inntaksmodell og eventuelle perspektiv eller konsekvensar som ikkje er skildra i utgreiinga.

Merk at saksutgreiinga er utarbeidd av administrasjonen i regionrådet. Det er gjeve innspel til saksutgreiinga frå administrativt nivå her i kommunen.

Formelt grunnlag



Vurderingar og konsekvensar

Grunna eit godt tilrettelagt kollektivtilbod mellom Evje og Kristiansand reknar vi dei vidaregåande skulane i Kristiansand som nærast for ungdom frå Evje og Hornnes. For andre igjen er det dårlege kollektivtilbodet internt i Agder ei utfordring, som medfører ulemper for elevar som søker seg til dei linjetilboda som ikkje er ved Setesdal vidaregåande skule eller Byremo vidaregåande skule. Også av den grunn er det viktig med attraktive og varierte utdanningsprogram ved Setesdal vidaregåande skule og Byremo vidaregåande skule.

Føretrekt inntaksmodell er modell 2 – noverande modell, nærskuleprinsippet.

Grunnlaget for dette er ønske om at fleirtalet av alle Vg1-elevar skal kunne bu heime på Vg1, og at det ikkje skal vere naudsynt å flytte for å gå på Vg1. Fleire elevar frå regionen vår – primært elevar frå øvre Setesdal - må flytte heimanfrå når dei startar på vidaregåande skule. Mange av desse ungdomane har likevel familie eller moglegheit for husvære i nærleiken av ein vidaregåande skule. Ved at elevane får nærskulepoeng ved alle skulane, kan ein sikre at flest mogleg får gå på ein skule der dei allereie har eit nettverk og sannsyn for gjennomføring aukar. Dette er ei særordning som gjeld ungdom frå Bykle og Valle kommunar som det er viktig at vert vidareført.

Modell 2 sikrar i stor grad elevane si moglegheit til å gå på ein skule anten nær eigen bustad, eller i nærleiken av familie/nettverk

Modell 2 – dagens modell, blir rekna som best for å ivareta nærskuleprinsippet, samt moglegheita for å vidareutvikle og oppretthalde breidda i det vidaregåande skuletilbodet ved Setesdal vidaregåande skule og Byremo vidaregåande skule.

Valle, den 18.09.2024

Vidar Homme
kommunedirektør

Vedlegg:

- 1 Høringsdokument - utredning av inntaksmodeller for vidaregåande opplæring i Agder

Andre dokument i saka: